

NVE - Konesjonsavdelinga
Postboks 5091
0301 Oslo

Uttale til SKL sin konsesjonssøknad dat. 16.11.2017 om bygging av kombinert flaumtunnel og kraftverk i elva Opo i Odda kommune

Nedre Oddadalen Elveigarlag (NOE) organiserer elveigarane langs Storelva og Opo, frå Grønsdal til utløpet i Sørfjorden. NOE har fått konsesjonssøknaden til uttale, og har handsama denne på årsmøte 24.01.2018.

Elveigarlaget ser positivt på konsesjonssøknaden frå SKL, særleg på grunn av behovet for å få til flaumregulering av denne delen av vassdraget. Ein viser i denne samanheng til vedlagt skriv sendt 16.11.2017 frå grunneigarar på Mannsåker/Vasstun til styret i NOE.

NOE vurderer fordelane med flaumtunnel/kraftverk som klart større enn ulempene, og viser til dei ulike fagrapportane med tilrådde avbøtande tiltak. For elveigarlaget er bygging av ny laksetrapp det viktigaste avbøtande tiltaket for framtidig fiske i elva. Vi føreset at ny laksetrapp til Sandvinsvatnet er bygt før kraftverket vert sett i drift, og at SKL tek ansvar for vedlikehald/drift av trappa.

Det er vanleg at kraftutbyggar vert pålagt arbeid med fiskekultivering ved utbygging av vassdrag. Dette forventar NOE også i denne saka.

I Hovedrapport KU tilrår Sweco eit køyremønster for vassføringa med dag/natt-køyring. Deira tilråding bør vektleggjast.

NOE ber om tiltak i nedre del av Opo som terskelbygging for auka vannspeil, noko som ivaretek fiskemulighetene her. Her ligg også oppgåva med vedlikehald av desse.

På bakgrunn av dette vil Nedre Oddadalen Elveigarlag tilrå at SKL får godkjent prosjektet og gjennomført utbygginga.

Nedre Oddadalen Elveigarlag
For styret

Tor Henrik Mannsåker, skrivar

Vedlegg: Skriv dat.16.11.2017 frå grunneigarar på Mannsåker/Vasstun

Kopi til: Odda kommune